



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: teams
Dato: 14.07.2022
Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Hastesak som må behandles. Klage på sak 25/2022.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 27/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 28/2022	Orienteringar		
ST 29/2022	Referatsaker		
ST 30/2022	Delegerte saker		
ST 31/2022	Reinheimen NP - klage på vedtak - avslag - helikoptertransport av personer, som skal foreta analyser i regi av NINA - Heliwing helikopter		2022/7113

**ST 27/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å
skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 28/2022 Orienteringar
ST 29/2022 Referatsaker
ST 30/2022 Delegerte saker**



Arkivsaksnummer: 2022/7113-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 08.07.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	31/2022	14.07.2022

Reinheimen NP - klage på vedtak - avslag - helikoptertransport av personer, som skal foreta analyser i regi av NINA - Heliwing helikopter

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Heliwing til følgje. Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på vedtaket frå styremøtet 24.06, om avslag på helikoptertransport av personar i samband med vitenskapelige undersøkingar i regi av NINA.

--- slutt på innstilling ---

Klagefrist og klagerett

Klaga frå Heliwing er datert til 08.07.2022 og er innan klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29. Søkjar som er Heliwing har rettsleg klageinteresse og klagerett jf. fvl. § 2 første ledd, bokstav e). Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak).

Dokument i saka

Klage på vedtak i mail 08.07.2022

Søknad frå Heliwing 03.06.2022

Brev frå NINA 03.06.2022

Mail frå NINA v/ Lise Tingstad 09.05.2022

Styrevedtak 03.05.2022 saksnr: 2022/3780-2

Saksopplysningar

28.03.2022 fekk vi inn ein søknad frå NINA om løyve til merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale i Reinheimen NP. Dette er ein nasjonal naturovervåking ANO, som Norsk institutt for naturforskning NINA skal utføre på oppdrag frå Miljødirektoratet. I mailutveksling i samband med søknaden skreiv prosjektleder til forvalter at dei ikkje skulle nytte motorisert ferdse, men at dei skulle gå inn til lokalitetane. Nasjonalparkstyret gav einstemmig løyve til søknaden i styremøtet 20.05.2022.

03.06.2022 kom det ein søknad frå Heliwing helikopter om løyve til å nytte motorisert ferdse for å frakte personar inn til analysepunkta, på oppdrag frå NINA. I nasjonalparkstyremøtet 24.06.2022 vart det i denne saka einstemmig avslag på søknaden. 08.07.2022 kom det frå Heliwing Helikopter ein klage på dette vedtaket.

Klage på vedtak

Vi ønsker med dette å klage til Miljødirektoratet ved Nasjonalparkstyret for Reinheimen på avslaget.

Vi har etter samtale med Institutt for Naturforskning, ved forskningssjef, samt prosjektleder for oppdraget og Miljødirektoratet kommet frem til at vi ønsker å be om ny behandling/klage på vedtaket.

Vedr. hjemmel er det unntak for forskning og nyttetransport av annen samfunnsnyttig art. Nyttetransport er vanligvis lasteflyging og persontransport er ofte taxi eller rekreasjonsflyging. Det er ikke hjemmel for persontransport.

*MEN, persontransport i denne sammenhengen er **Nyttetransport**. Dermed kan det hjemles.*

Vedr nødvendighet

Det er på det rene at det er mulig å gjøre befaringene til fots og som ble meddelt til Statsforvalteren i 9.5 fra NINA. - Vi kan forstå at «nødvendigheten» i Statsforvalterens vurdering dermed kan oppfattes som at helikopter er «unødvendig». Dette var uheldig formulert. I forhold til det landsdekkende prosjektets omfang er helikoptertransport etter NINA sin forskningssjef forståelse utvilsomt «nødvendig» ut fra et tidsperspektiv.

Han skriver: Sitat

Dette er en del av et svært stort prosjekt som skal på 200 tilfeldig utvalgte lokaliteter i Norge i året. Mange av disse ligger i fjellområder med lang vei inn. Så det er mange turer i løpet av en kort sommersesong som skal koordineres og man er da avhengig av effektivitet i hele prosjektet for å få det til å gå opp.

Det er et svært viktig arbeid som skal gjøres og som har betydning for den helhetlige kunnskap om å ta vare på naturen i fremtiden. Problemstillingen kan da tenkes å være viktigheten av å ferdigstille prosjektet på så kort tid som mulig kontra den utsettelsen det vil medføre å gjøre arbeidet til fots. Hva det kan bety er det ikke mulig å sette en verdi på.

Det kan sette «nødvendigheten» et annet lys og trekke mot at tillatelse bør gis i et Samfunnsmessig miljøhensyn. Selv om NINA har bekreftet at de rent praktisk ikke trenger å bli fløyet inn, men dersom prosjektet ikke skal forsinkes er det nødvendig med helikopter enkelte steder.

Forstyrre dyrelivet – sommerbeite – kompensierende tiltak

Reinsdyr og adferdsmønstre

*Vi har svært lang erfaring innen reinflokkers adferdsmønstre. Den operative delen utføres av Norges mest erfarne operatør innen tjenester til reindriftsnæringen med faste avtaler med de fleste reinbeite distriktene fra Femund til Saltfjellet. Alle årstider. Villrein er nok mer oppmerksom av natur, men adferden er ikke annerledes i forhold til helikopter. I et oppdrag som dette vil vi kartlegge villreinflokkers posisjoner før oppdraget og landing foretas. Er det dyr i nærheten som kan bli forstyrret lander vi ikke. I så tilfelle lander vi tilstrekkelig langt unna slik at de ikke forstyrres. Vår pilot på dette oppdraget, er svært erfaren innen reindrift. Han er også selv reineier og vet også hvordan selve driften utføres også på bakken. Han har årelang erfaring med å lokalisere enkelt dyr eller flokker med okse, simler og kalver på **betydelig avstand**. Både fra bakken og luften. Med en overflyging i en trygg høyde fra bakken før landing, vil villrein kunne lokaliseres uten at dyrene selv engang er var lyden fra helikopteret.*

Videre bør det tas hensyn til støyekvivalenten i tiltaket. Det er snakk om en landing på tre punkter for å slippe av 2-4 personer. Det ca 5 min på bakken pr. punkt Motor stoppes ikke og forlater området umiddelbart. Forskerne skal ikke hentes. En utregning av Støyekvivalenten pr. landing kan beregnes og sammenlignes med andre støykilder. Vi gjør gjerne det for å vise hvor lav denne er i et så begrenset omfang 5 min hvorav 4 min er tomgang

Andre Verneområder – likebehandlingsprinsipp

*Vi har nettopp fått tillatelse fra Statsforvalteren i Rogaland ved **Verneområdestyret for Setesdal, Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane** til tilsvarende tiltak. Her er det også villrein på beite har vi fått opplyst og erfart selv. Også her vil vi i samråd med grunneier og før landing forsikre oss om at det ikke er dyr på beite innenfor en avstand som kan forstyrre. Oppdraget er av samme type og samme type vernebestemmelse.*

Statsforvalteren i Trøndelag og ulike viltstyrer benytter vår operatør i stor utstrekning hva angår oppsyn av både jerv, ulv og bjørn i Nasjonalparker. Miljødirektoratet gjennom Statsforvalterne er også definitivt største kunde. Herunder også Statsforvalteren for Innlandet gjennom kalking i fjellvann. Det strider mot den allmenne rettsoppfatning at det utøves en forvaltning som fremstår så inkonsekvent og meningsløs som i dette tilfellet. I særdeleshet med tanke på nytteverdien i prosjektet vs ulemper og behov for beskyttelse.

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006
- Forvaltningslova

Vurdering

I klaga på avslag i sak 25/2022 *helikoptertransport av personer, for merking av analyseruter i regi av NINA - Heliwing Helikopter*, er det ikkje kome nokon nye argument for helikoptertransporten. Tidsaspektet vart brukt som argument i søknaden og det er tidsaspektet som er argumentet i klaga. Det er lett utstyr som skal nyttas, så bruk av helikopter er kun for å spare tiden det tar å gå inn til lokalitetane.

Det blir i klaga trekt fram at *«Dette er en del av et svært stort prosjekt som skal på 200 tilfeldig utvalgte lokaliteter i Norge i året. Mange av disse ligger i fjellområder med lang vei inn. Så det er mange turer i løpet av en kort sommersesong som skal koordineres og man er da avhengig av effektivitet i hele prosjektet for å få det til å gå opp.»*

Da dette er eit såpass stort prosjekt, burde det vært tatt høgde for at nokon av lokalitetane gjekk inn i nasjonalparkar med rødlista villrein og med lang veg å gå. Ut i frå kommunikasjonen med prosjektleder i søknadsprosessen om å merke analyserutene, kom det fram at dei i utgangspunktet hadde tenkt å bruke beina. Det var difor ikkje søkt om helikoptertransport i søknaden om å merke analyserutene.

I klaga står det at *tillatelse bør gis i et Samfunnsmessig miljøhensyn*. Det var av omsyn til vitenskapelig undersøking for samfunnsmessig miljøhensyn vi gav løyve til å merke analyseruter og for å gjennomføre botaniske registreringar i Reinheimen nasjonalpark. Vi meiner framleis at det er fullt mogleg å ta seg inn til desse lokalitetane til fots, for å gjennomføre dei vitenskapelige undersøkingane.

I klaga står det at *«Det er et svært viktig arbeid som skal gjøres og som har betydning for den helhetlige kunnskap om å ta vare på naturen i fremtiden. Problemstillingen kan da tenkes å være viktigheten av å ferdigstille prosjektet på så kort tid som mulig kontra den utsettelsen det vil medføre å gjøre arbeidet til fots. Hva det kan bety er det ikke mulig å sette en verdi på.»*

Dette arbeidet blir da satt opp mot nasjonalparkforvaltninga si strenge praksis av utøvelse av motorisert ferdsel i nasjonalparken. Villreinen er eit av dei viktigaste verneformåla i området og vi har allereie kunnskap om at villrein er sårbar for meir forstyrning.

Av samfunnsmessig miljøhensyn er det særdeles viktig å føre ein streng forvaltning i dei siste villreinområda våre. Villrein kom i 2021 på den nasjonale rødlista og i kvalitetsnorm for villrein vart seks av ti nasjonale område klassifisert som dårleg. Reinheimen-Breheimen villreinområde oppfylte minstemålet om middels kvalitet. Det blir i framtida viktig å ta grep for å skjerme denne arten mot stadig meir forstyrningar. Det er ein del av *å ta vare på naturen for fremtiden*.

Klimaendringane er og ein faktor som påverkar livsgrunnlaget til denne sårbare alpine arten. Da det kun er tidsaspektet som er argument for å nytte helikopter inn i villreinområdet, ser vi at det meir klimavennlege alternativet som å gå inn til lokalitetane, blir nytta.

Vi tek difor ikkje klaga til følgje.